

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
642.0	Knut Øyjordet	04.03.21	3/21

PRIS PÅ SMÅVILTJAKT UTAN HUND I REGULERT PERIODE

Saksdokument:

Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

Saksutgreiing:

Prisane på småviltjakt vart sist regulert i fjor og er i dag (og inntil vidare):

SMÅVILTJAKT UTAN HUND

<u>Innanbygds</u>		<u>Utanbygds</u>
1-døgnkort	kr. 100,-	kr. 200,-
3-døgnkort	kr. 250,-	kr. 500,-
Vekekort	kr. 400,-	kr. 800,-
Sesongkort	kr. 500,-	kr. 1.000,-

SMÅVILTJAKT MED HUND

<u>Innanbygds</u>		<u>Utanbygds</u> (jakt med harehund 18.10-23.12)
1-døgnskort	kr. 125,-	kr. 250,-
3-døgnskort	kr. 300,-	kr. 600,-
Vekekort	kr. 500,-	kr. 800,-
Sesongkort	kr. 600,-	kr. 1.000,-

Utanbygds vekeskort for jakt med harehund 11.-17. oktober, og 5-dagarskort for jakt med fuglehund 15.-19. og 20.-24. september: pris kr. 1.000,-.

Dagskort for utanbygds med fuglehund i dei åra det blir opna for slike kort: pris kr. 250,-.

I forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning er det fastsett følgjande prisrammer (gjeld utanbygds):

Dagskort/døgnkort	kr. 250,-
5-dagarskort	kr. 1.000,-
Vekeskort	kr. 1.400,-
Sesongkort	kr. 2.300,-

Det står m.a. elles i forskrifta at prisen på småviltjakt for utanbygds kan overstige prisen for innanbygds med inntil det dobbelte. Forskrifta gjeld i fem år og skal reviderast nå med det fyrste. Prisrammene blir dermed heva frå 2021.

Vurdering:

Sidan det nå er oppretta ei ny korttype, dvs. 5-dagarskort for jakt utan hund for utanbygds, i regulert periode 15.-29. september, så må det fastsetjast ein pris på det. For dei andre korttypene er det ikkje nødvendig med endringar i og med at dei vart endra seinast i fjor. Prisen på sesongkortet for utanbygds utan hund bør heller ikkje endrast sjølv om jakttida blir redusert med 15 dagar. Sesongkortet varer lenge lell, frå 30. september til ut februar.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Innstilling til vedtak:

Frå 2021 og inntil vidare vedtek fjellstyret at prisen på 5-dagarkort i regulert periode for utanbygds jegerar utan hund blir kr. 900,-.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Miljødirektoratet

Vågåmo, 05.03.21

Knut Øyjordet (e.f)